

Kjempeflott 17.mai-feiring på Skorpo.

17.05.2016



17.mai-toget på Skorpo.

I år har det vore eiga 17.mai-feiring på Skorpo der både hyttefolk og fastbuande deltok. Etter det denne 62 år gamle skribenten kjenner til, er det første gong dette skjer i hans tid. Programmet viste både mangfold og breidde, og dei om lag 20 som deltok i arrangementet var svært fornøgde.



Trivleg feiring på Skorpo

Basen til 17.mai-festen på Skorpa var i tunet til Langballe. Bente Barandvik fortel at der var det servering av alt det gode som hører til på nasjonaldagen. Det var både pølser og rømmegrøt, og i tillegg var det både kaker og is, kaffi og brus.

På 17.mai har tradisjonelt leikar både for born og vaksne vore sentrale i programmet. Slik var det også på Skorpo, sjølvsgåt med premiering. Det var også både tale for dagen ved Elisabeth Fjell og folketog med mange norske flagg og hurrap. Til toget hadde borna også laga ei flott fana.

Kort sagt: Ei svært triveleg feiring av nasjonaldagen, og programmet inneholdt alle postar eit 17.maiprogram skal ha.



Mykje godt å velja i!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Bente Brandvik